

Møteinnkalling

Utval:	Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad:	Stadsporten, 8. et, Wigandgården
Dato:	04.02.2016
Tid:	10:00

Det vert med dette kalla inn til møte i Yrkesopplæringsnemnda.

Muntlig orientering om :


Skulekonkurranser v/ Gerd Ytre-Arne
Hospitering v/ Monica Håkonsli
Fagbrevfabrikken v/ Grethe Bjørøy

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Yrkesopplæringsnemnda, og varamedlem for lærlingerepresentanten.

Kopi vert sendt til varamedlemene til orientering. Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlem bli kalla inn særskilt.

Til dette møtet har Rita Jordal meldt forfall, Atle Wedaa er kalla inn som vara. Lærlingerepr. Julie D. Breistein har også meldt forfall.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å gi melding på www.hordaland.no/forfall. Eventuelt kan ein gje melding til folkevalde@hfk.no



Tom Knudsen
leiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/16	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 2/16	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 30.11.2015	2016/1098	
PS 3/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/16	Samorganisering av Årstad vgs/Bjergvin, Lønborg vgs og Åsane vgs	2014/10030	
PS 4/16	Plan for kompetanseutvikling. Strategi 2016 - 2020. Tiltak 2016/17	2014/22562	
PS 5/16	Tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016	2015/9089	
PS 6/16	Ymse		

PS 1/16 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste



Arkivnr: 2016/1098-1
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	2/16	04.02.2016

Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 30.11.2015

Forslag til avgjerd

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 30.11.2015 vart tatt til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Utval: Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad: møterom Stadsporten, 8. etg, Wigandgården
Dato: 30.11.2015
Tidspunkt: 10:00-12:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tom Knudsen	Medlem	NHO
Roger Pilskog	Medlem	LO
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Sølvi Olrich Sørebo	Medlem	KS
Birgitte Svanevik	Medlem	NHO
Rita Jordal	Medlem	LO
Atle Rasmussen	Medlem	LO
Julie Dyrkolbotn Breistein	Medlem	Lærlingerepr.
Lisa Nord Hopland	Medlem	Lærlingerepr.vara

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Fagopplæringsjef
Anne Sara Svendsen	Seniorrådgjevar
Sissel Øverdal	Regionleiar
Ann-Magritt Juvik	som sekretær
Nils Skavhellen	under sak 30/15
Tor Ivar S. Sandvik	under sak 31/15

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 27/15	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 28/15	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 22.09.2015	2015/105	
PS 29/15	Referatsaker (meldingar)		
RS 4/15	Tillegg til sak justering av tilbodsstrukturen, skuleåret 2016/17	2015/10846	
PS 30/15	Justering av tilbodsstrukturen, skuleåret 2016/2017	2015/10846	
PS 31/15	Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15	2015/1090	
PS 32/15	Ymse		

PS 27/15 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 30.11.2015

Vedtak

Møteinnkalling og saksliste vart godkjent.

PS 28/15 Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 22.09.2015

Forslag til avgjerd

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 22.09.2015 vart tatt til orientering.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 30.11.2015

Vedtak

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 22.09.2015 vart tatt til orientering

PS 29/15 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 30.11.2015

Vedtak

Melding RS 4/15 vart teke til orientering.

PS 30/15 Justering av tilbudsstrukturen, skuleåret 2016/2017

Forslag til innstilling

Det vert gjort følgjande endringar i tilbudsstrukturen ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2016/2017:

Oppretting:

Fitjar vidaregåande skule:	Vg2 Interiør og utstillingsdesign,	1 klasse, 15 elevar
Kvinnherad vidaregåande skule	Innføringsklasse, Minoritetsspråklege elevar	1 klasse, 15 elevar
Laksevåg videregående skole	Vg2 EI-energi med studiekompetanse,	1 klasse, 15 elevar.
Odda vidaregåande skule:	Vg2 Idrettsfag,	1 klasse, 27 elevar
Voss vidaregåande skule:	Vg1 Service og samferdsel,	1 klasse, 15 elevar
Voss vidaregåande skule:	Vg2 Kjøretøy,	1 klasse, 15 elevar
Voss vidaregåande skule	Innføringsklasse, minoritetsspråklege elevar,	1 klasse, 15 elevar
Øystese gymnas	Innføringsklasse, Minoritetsspråklege elevar,	1 klasse, 15 elevar

Nedlegging:

Fitjar vidaregåande skule	Vg2 Design og tekstil,	1 klasse, 15 elevar
Odda vidaregåande skule	Vg3 Idrettsfag,	1 klasse 27 elevar
Sotra vidaregåande skule	Vg2 Studiespesialiserande med formgjevingsfag,	1 klasse 27 elevar
Voss vidaregåande skule:	Vg2 Reiseliv,	1 klasse, 15 plassar

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 30.11.2015

Forslag til innstilling

Det vert gjort følgjande endringar i tilbudsstrukturen ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2016/2017:

Oppretting:

Fitjar vidaregåande skule:	Vg2 Interiør og utstillingsdesign,	1 klasse, 15 elevar
Kvinnherad vidaregåande skule	Innføringsklasse, Minoritetsspråklege elevar	1 klasse, 15 elevar
Laksevåg videregående skole	Vg2 EI-energi med studiekompetanse,	1 klasse, 15 elevar.
Odda vidaregåande skule:	Vg2 Idrettsfag,	1 klasse, 27 elevar
Voss vidaregåande skule:	Vg1 Service og samferdsel,	1 klasse, 15 elevar
Voss vidaregåande skule:	Vg2 Kjøretøy,	1 klasse, 15 elevar
Voss vidaregåande skule	Innføringsklasse, minoritetsspråklege elevar,	1 klasse, 15 elevar
Øystese gymnas	Innføringsklasse, Minoritetsspråklege elevar,	1 klasse, 15 elevar

Nedlegging:

Fitjar vidaregåande skule	Vg2 Design og tekstil,	1 klasse, 15 elevar
Odda vidaregåande skule	Vg3 Idrettsfag,	1 klasse 27 elevar
Sotra vidaregåande skule	Vg2 Studiespesialiserande med formgjevingsfag,	1 klasse 27 elevar
Voss vidaregåande skule:	Vg2 Reiseliv,	1 klasse, 15 plassar

Tom Knudsen/Roger Pilskog sette fram følgjande forslag på vegne av NHO/LO:

Generelt mener Yrkesopplæringsnemnda at linjer i samme programfag, i størst mulig grad bør samles på færre skoler, for å oppnå sterkere kompetansemiljø. Videre at aktuelle linjer lokaliseres slik at det er lett å etablere samhandling mellom skole og det aktuelle arbeidsliv som skal ta i mot lærlinger. Dette gir også skolen bedre grunnlag for å sikre seg intensjonsavtaler om læreplass, samt sikre tilgang og samarbeid om PTF.

Yrkesopplæringsnemnda mener det er riktig å etablere et tilbud på VG2 overflateteknikk, men viser til at majoriteten av de bedriftene som kan ta i mot lærlinger i faget, er lokalisert i Kokstadområdet. Er lokaliseringen av tilbudet grundig vurdert?

TIP har over flere år lagt på et høyt elevtall, som ikke samsvarer med tilgjengelige læreplasser. Resultatet er mange VG3 klasser, manglende gjennomføring og stryk. Industrien har nå og fremover et lavere aktivitetsnivå, og det vil sannsynlig være færre læreplasser fremover. Antall klasser må derfor justeres ned.

Det samme gjelder i Elektrofagene, som også har stor søknad, og flere elever enn antall læreplasser.

Antall elever som går fra VG2 yrkesfag til VG3 studieforbereende er fremdeles høyt, og gir stor strykandel. Med opprettelse VG3 studieforbereende til de som har gjennomført fagbrev, bør tilbudet fjernes.

I HO fagene må det gjøres en kritisk gjennomgang av antall læreplasser i kommunene

Ved dimensjonering av antall elevplasser, må det hensyntas at ca 20% av totale læreplasser tas inn direkte av bedriften og kommer ikke fra Vg2.

Røysting

Knudsen/Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Det vert gjort følgjande endringar i tilbodsstrukturen ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2016/2017:

Oppretting:

Fitjar vidaregåande skule:	Vg2 Interiør og utstillingsdesign,	1 klasse, 15 elevar
Kvinnherad vidaregåande skule	Innføringsklasse, Minoritetsspråklege elevar	1 klasse, 15 elevar
Laksevåg vidaregåande skule	Vg2 EI-energi med studiekompetanse,	1 klasse, 15 elevar.
Odda vidaregåande skule:	Vg2 Idrettsfag,	1 klasse, 27 elevar
Voss vidaregåande skule:	Vg1 Service og samferdsel,	1 klasse, 15 elevar
Voss vidaregåande skule:	Vg2 Kjøretøy,	1 klasse, 15 elevar
Voss vidaregåande skule	Innføringsklasse, minoritetsspråklege elevar,	1 klasse, 15 elevar
Øystese gymnas	Innføringsklasse, Minoritetsspråklege elevar,	1 klasse, 15 elevar

Nedlegging:

Fitjar vidaregåande skule	Vg2 Design og tekstil,	1 klasse, 15 elevar
Odda vidaregåande skule	Vg3 Idrettsfag,	1 klasse 27 elevar
Sotra vidaregåande skule	Vg2 Studiespesialiserande med formgjevingsfag,	1 klasse 27 elevar
Voss vidaregåande skule:	Vg2 Reiseliv,	1 klasse, 15 plassar

Generelt mener Yrkesopplæringsnemnda at linjer i samme programfag, i størst mulig grad bør samles på færre skoler, for å oppnå sterkere kompetansemiljø. Videre at aktuelle linjer lokaliseres slik at det er lett å

etablere samhandling mellom skole og det aktuelle arbeidsliv som skal ta i mot lærlinger. Dette gir også skolen bedre grunnlag for å sikre seg intensjonsavtaler om læreplass, samt sikre tilgang og samarbeid om PTF.

Yrkesopplæringsnemnda mener det er riktig å etablere et tilbud på VG2 overflateteknikk, men viser til at majoriteten av de bedriftene som kan ta i mot lærlinger i faget, er lokalisert i Kokstadsområdet. Er lokaliseringen av tilbudet grundig vurdert?

TIP har over flere år lagt på et høyt elevtall, som ikke samsvarer med tilgjengelige læreplasser. Resultatet er mange VG3 klasser, manglende gjennomføring og stryk. Industrien har nå og fremover et lavere aktivitetsnivå, og det vil sannsynlig være færre læreplasser fremover. Antall klasser må derfor justeres ned.

Det samme gjelder i Elektrofagene, som også har stor søknad, og flere elever enn antall læreplasser.

Antall elever som går fra VG2 yrkesfag til VG3 studieforbereende er fremdeles høyt, og gir stor strykandel. Med opprettelse VG3 studieforbereende til de som har gjennomført fagbrev, bør tilbudet fjernes.

I HO fagene må det gjøres en kritisk gjennomgang av antall læreplasser i kommunene

Ved dimisjonering av antall elevplasser, må det hensyntas at ca 20% av totale læreplasser tas inn direkte av bedriften og kommer ikke fra Vg2.

PS 31/15 Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15 for Hordaland fylkeskommune* til orientering.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 30.11.2015

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15 for Hordaland fylkeskommune* til orientering.

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15 for Hordaland fylkeskommune* til orientering.

PS 32/15 Ymse

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 30.11.2015

Vedtak

Konstituering Yrkesopplæringsnemnda 2015 – 2019 val av leiar og nestleiar

Roger Pilskog/LO sette fram følgjande forslag på vegne av LO:

Tom Knudsen, NHO foreslås leder i nemnda i perioden 2015-2017, Roger Pilskog, LO som nestleiar. I 2017-2019 foreslås Roger Pilskog som leder og Tom Knudsen som nestleder.

Røysting

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

2015 – 2017 **Leiar** : Tom Knudsen, NHO **Nestleiar**: Roger Pilskog, LO
2017 – 2019 **Leiar**: Roger Pilskog, LO **Nestleiar**: Tom Knudsen, NHO

Torbjørn Mjelstad informerer om «Rikets tilstand» - inntak av lærlingar offentlig/privat.

Yrkesopplæringsnemnda viser til brev sendt fylkesutvalet fra LO og NHO den 8.oktober, hvor det mellom annet bes om at Hordaland fylkeskommune vurderer å gi Yrkesopplæringsnemnda vedtaksrett. Nemnda ber om å få et snarlig svar hvordan forespørselen vil bli håndtert. Dersom fylkeskommunen vil vurdere vedtaksrett, ber nemnda å bli snarlig orientert om prosess og når en avgjørelse kan ventes.

I forbindelse med Samfunnskontrakten har Y-nemnda forespurt hvordan fylkeskommunen skal etablere et «samhandlingsfora» på regionalt nivå mellom partene som har underskrevet. Videre hvordan fylkeskommunen skal ko-ordinere at vgs skal tegne intensjonsavtaler om læreplass.

Yrkesopplæringsnemnda ønsker oversikt over bemanningssituasjonen ved Fagopplæringskontoret. Y-nemnda ber samtidig om oversikt over hvilke hovedprioriteringer nåværende bemanning løser og hvilke oppgaver som ikke prioriteres, men burde vært prioritert.

EBA ønsker å etablere skole i entreprenørfag, saken er behandlet i utvalget. Hva er status, og hvorfor er ikke saken forelagt Y-nemnda til uttalelse.

Roger Pilskog /LO etterspør deltakelse fra Vid.-skoler i Hordaland fylkeskommune til Prosjekt skolekonkurranser 2015-2017 sendt fra World skills Norway i oktober 2015. Det skal ikke være kommet noen skriftlig bekreftelse fra Hordaland om deltakelse.

PS 3/16 Referatsaker (meldingar)

NotatDato: 07.12.2015
Arkivsak: 2014/10030-62
Saksbehandlar: hilruns

Til:	Opplærings- og helseutvalet Administrasjonsutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Samorganisering av Årstad vgs/Bjørgvin, Lønborg vgs og Åsane vgs**Bakgrunn for saka****Oppfølging av vedtak i skulebruksplanen og vedtak om vaksenopplæringscenter**

Prosjekt for bygging av ein ny vidaregåande skule i Åsane er sett i gang. «Nye Åsane vgs» som etter noverande plan skal takast i bruk i 2020 er planlagt med 1085 elevar pluss lærlingar, vaksenopplæring og fengselsundervisning, i alt ca 1400 brukarar av skulen sine tilbod. Den nye skulen vil innehalde programområde henta frå noverande Åsane vgs, Årstad/Bjørgvin, Lønborg og U.Pihl, samt SS frå Knarvik vgs og SS frå Tertnes vgs. Planen er omfattande og krev mange delprosjekt som må realiserast før «Nye Åsane vgs» kan stå klar, jf. s. 2 i utgreiinga. Vedtaka i skulebruksplanen inneber at Lønborg vgs skal gå inn som del av Åsane vgs, og fagtilboda helsesekretær og helseservice skal overførast frå Årstad vgs/Bjørgvin.

Vedtak om vaksenopplæringscenter i HFK, sak FT – 45/15, pkt 2, inneber at Åsane vgs skal vere vaksenopplæringscenter for yrkesfag med regionalt ansvar. Åsane vgs har etter dette ansvar for handverks-, industri-, helse- og oppvekstfag for Bergen, Nordhordland og kommunane Fusa, Samnanger og Os. Ny senterstruktur vert innført frå 01.01.2016 og gjennomført fortløpande så raskt som dei formelle og praktiske tilhøva ligg til rette for dette.

Deler av fagtilbodet innan helse- og oppvekst som i dag held til i Bjørgvinbygget, skal flytte til Årstad vgs i 2016. Samstundes vert det lagt til rette for at fagtilbod innan HO som skal høyre under Åsane vgs, får flytte frå Bjørgvinbygget til Åsane vgs frå det same tidspunktet i 2016. Gjennom samlokalisering av HO frå Årstad vgs/Bjørgvin, Lønborg vgs og Åsane vgs frå hausten 2016 oppnår ein å samle eit større fagmiljø og får dermed høve til å sikre betre samanheng mellom fag for elevane og større breidde i høve til å velje fag.

Heimel

Fylkesrådmannen har etter vedtak i OPHE følgjande fullmakt:

1	Der det ligg føre vedtak om framtidig fysisk skulesamanslåing, har fylkesrådmannen fullmakt til å sette i verk ei administrativ samanslåing. OPHE skal informerast med melding når arbeid med administrativ samanslåing vert starta.
----------	--

Fylkesdirektør opplæring har fullmakt til å vedta organisasjonsendringar som ikkje medfører endring i budsjetttrammene ved dei vidaregåande skulane, jf. fullmaktsreglement pkt 2.1 pr 01.06.15.

I tråd med denne fullmakta vert leiarstruktur og stillingsplan for den samorganiserte eininga utarbeidd.

Fylkesrådmannen vedtek:


- Åsane vgs vert etablert som vaksenopplæringscenter med regionalt ansvar frå 01.08.16.
- Lønborg vgs vert samorganisert med Åsane vgs til ei økonomisk-administrativ eining frå 01.08.2016.
- Helsesekretær og helseservice vert flytta frå Årstad vgs/Bjærgvin og administrativt lagt under Åsane vgs frå 01.08.2016.
- Programområdet HO flyttar frå Lønborg vgs til Åsane vgs frå 01.08.16 slik at elevar og tilsette vert samlokalisert. Ordinære elevar i vidaregåande opplæring vert då samla ved Åsane vgs, og dette vert innarbeidd i søkekatalogen for 2016/17.
- Særskilt tilrettelagt opplæring (HTH) vert framleis lokalisert på Åsane vgs.
- Vaksenopplæring og lærlingar vert lokalisert på Lønborg vgs frå 01.08.16 som del av Åsane vgs. Tannhelsesekretærfaget skal vere ved Åsane vgs av omsyn til rom og utstyr.
- Modulbygg vert sett opp ved Åsane vgs for å sikre nødvendig romkapasitet fram til nybygget er ferdig i 2020. Dersom modulbygg ikkje let seg realisere til rett tid eller i tilstrekkeleg omfang, må det eventuelt finnast løysingar ved leige av areal og/eller redusert elevtal for ein periode.

Implementering av vedtak om vaksenopplæringscenter og samorganisering og samlokalisering som ledd i arbeidet med Nye Åsane vgs for Lønborg vgs – Årstad vgs / HO Bjærgvin – Åsane vgs

Vedtak

Oppfølging av vedtak i skulebruksplanen

Prosjekt for bygging av ein ny vidaregåande skule i Åsane er sett i gang. «Nye Åsane vgs» som etter noverande plan skal takast i bruk i 2020 er planlagt med 1085 elevar pluss lærlingar, vaksenopplæring og fengselsundervisning, i alt ca 1400 brukarar av skulen sine tilbod. Den nye skulen vil innehalde programområde henta frå noverande Åsane vgs, Årstad/Bjærgvin, Lønborg og U.Pihl, samt SS frå Knarvik vgs og SS frå Tertnes vgs. Planen er omfattande og krev mange delprosjekt som må realiserast før «Nye Åsane vgs» kan stå klar:



Vedtak om vaksenopplæringscenter i HFK

Åsane vidaregåande skule er etter vedtak i sak FT – 45/15, pkt 2 vaksenopplæringscenter for yrkesfag med regionalt ansvar:

2	Fylkesrådmannen går inn for at det for området Stor-Bergen vert etablert tre vaksenopplæringscenter <ul style="list-style-type: none"> – Sotra vidaregåande skule: kommunane Sund, Fjell, Øygarden og Askøy – Åsane vidaregåande skule som vaksenopplæringscenter for handverks-, industri-, helse- og oppvekstfag for Bergen, Nordhordland og kommunane Fusa, Samnanger og Os – Bergen Katedralskole som vaksenopplæringscenter for studiespesialiserte fag for Bergen, Nordhordland og kommunane Fusa, Samnanger og Os
3	Ny senterstruktur vert innført frå 01.01.2016 og gjennomført fortløpande så raskt som dei formelle og praktiske tilhøva ligg til rette for dette.

Fylkesutvalet legg vekt på at senterstrukturen for vaksenopplæringa skal vera funksjonell og berekraftig i høve til dei oppgåvene ansvarsområdet er sett til å løysa.

HO som tidlegare var ved Bjørgvin vgs, har frå hausten 2014 vore administrativt knytt til Årstad vgs med lokale i Bjørgvinbygget på grunn av ombygging/rehabilitering ved Årstad vgs. HO skal flyttast frå Bjørgvinbygget i 2016. Deler av tilbodet som i dag er i Bjørgvinbygget, skal flytte til Årstad vgs til skulestart hausten 2016. Det er gjort vedtak om at helsesekretær vg3 og helseservice vg2 skal til Åsane vgs (FT juni 2015). Det er dermed behov for å leggje til rette lokale for fagtilboda helsesekretær og helseservice som vert lagt under Åsane vgs frå 01.08.16.

Prinsipp i skulebruksplanen

I tillegg til behovet for praktiske løysingar allereie frå 2106, er det viktig å ta grep som inneber at ein gjennom samorganisering går i retning av å oppfylle kriteria i skulebruksplanen og legg strukturar for effektiv leiing og samordna skuleutvikling i prosessen fram til den nye skulen står ferdig. Samorganisering frå 2016 vil m.a. bidra til at ein legg til rette for:

- Større fagmiljø konsentrert til færre skular.
- Fleire val for elevane, moglegheit for meir fagleg samarbeid og utvikling for tilsette og meir effektiv ressursutnytting.
- Fagtilboda bør fordelast slik at ein unngår konkurranse mellom naboskular.
- Det er viktig å leggje til rette for skular med god blanding av tradisjonelle jente- og gutefag
- Det bør tilstrebast at skular berre skal ha ei lokalisering (dvs: samlokalisering ved eventuell samanslåing).
- Ny skule- og tilbodsstruktur bør redusere presset i driftsøkonomien, m.a. ved færre skular, samling av fagtilbod, fylte klassar og betre utnytting av kapasitet på verkstader og av lærekrefter.

Målsettingar for samorganisering frå hausten 2016

Ut frå kriteria i skulebruksplanen er det skissert meir konkrete målsettingar for samorganiseringa:

- Gode prosessar og tiltak som ledd i arbeidet med etablering av ny skule
- Samle større fagmiljø
 - Samlokalisere HO Åsane, Lønborg og Årstad/Bjørgvin
 - Kontinuitet og breidde i fagtilbod for elevar
 - Breidde i tilbodet ved å samle påbyggsklassar
- Gjennomføre vedtak om VO-senter
 - Samlokalisere administrasjon og stor del av undervisning
 - Fordele undervisningstilbod ut frå omsyn til personalet og behov for lab/verkstad/utstyr
- Godt arbeidsmiljø, samle personalet og leggje til rette for samarbeid om utvikling av fagtilbod og ny skule/kulturbygging / identitet
- Stabil løysing fram til innflytting i nytt skulebygg
- Minst mogleg «pendling mellom studiestader»
- Kostnader på lågast moglege nivå

Delprosjekt Åsane – Lønborg – Årstad vgs/Bjergvin

Prosjektet «Nye Åsane vidaregåande skule 2020» vart presentert på eit ope møte 02.09.15 for alle tilsette ved skulane Åsane, Lønborg, Årstad/Bjergvin, U. Pihl, Tertnes og Knarvik. Her vart det peika på at ein må finne løysingar for helse og oppvekstfag frå 2016. På personalmøte 30.09.15 vart det orientert om delprosjektet for å finne løysing på situasjonen hausten 2016 i samband med at fagtilbod skal overførast frå Årstad vgs/Bjergvin til Åsane (og andre fagtilbod flyttar frå Bjergvin til Årstad). I samband med behova knytt til organiseringa av desse tilboda, har det vore vurdert om det er føremålstenleg med samanslåing av tilboda innan HO ved Åsane vgs, Lønborg vgs og Årstad/Bjergvin alt frå hausten 2016. Ei viktig målsetting er å leggje til rette for best moglege prosessar med samorganisering fram til realiseringa av «Nye Åsane vgs» i 2020. Erfaringar frå m.a. Vestfold viser at samorganisering i forkant av fysisk samlokalisering er positivt for arbeidet med å etablere ein ny skule. I tillegg til felles arbeid med programmering av ny skule, gir samorganisering gode høve for prosessar knytt til fagleg samarbeid, kulturbygging og pedagogisk utvikling.

Omfang og lokalisering

Arbeid med å kartlegge kva som er moglege og mest føremålstenlege løysingar når det gjeld plassering av klassar, programområde o.s.v. er igangsett med utgangspunkt i kriteria i skulebruksplanen. På personalmøtet 30. september vart det presentert framlegg til løysing(ar), og det vart lagt opp til innspel frå skulane (leiinga, AMU/hovudverneombod, tillitsvalde) og dialog om vegen vidare. Dei personalmessige konsekvensane vert vurdert kontinuerleg med sikte på å ta vare på alle på ein god måte, jf. kriteria ovanfor og omstillingsreglane.

Tilgjengeleg areal er Lønborg vgs og Åsane vgs, og det er ein føresetnad at arealet må utvidast ved bruk av modulbygg. Når det gjeld rombehov og plassering av tilbod frå august 2016, er samla lokalisering av desse tilboda særleg vurdert (i alt ved dei tre skulane):

Vaksenopplæring	16 grupper
Lærlingopplæring	10 grupper
HO-tilbodet	13 grupper
TO-tilbodet	3-4 grupper – HTH 2 grupper a 4 elevar ved Åsane vgs – HTA 1 gruppe ved U. Pihl
Påbyggstilbodet	4 grupper (1 gruppe ved Lønborg vgs og 3 grupper ved Åsane vgs)

Det er ønskeleg med 4 klasser PÅ (3 klasser Vg3 PÅ og 1 klasse Vg4 PÅ) av omsyn til breidde i fagtilbod for elevane. Avgrensa romkapasitet kan eventuelt ha som konsekvens at det kan verte reduksjon i elevplassar, noko som enkelte år også kan kome som følgje av lågare elevsøknad.

Løysingar byggjer på bruk av Lønborg vgs og Åsane vgs med tillegg av modulbygg fram til «Nye Åsane» står ferdig, og ulike alternativ har vore vurdert. Plassering av modulbygg Lønborg og/eller Åsane har vore ei problemstilling, då det ikkje vil vere plass til alle tilboda i dei noverande bygga. Frå 2018 må det i tillegg vere plass til tilboda frå U. Pihl vgs.

Andre alternativ som har vore med i vurderingane er bruk av rom ved U. Pihl vgs, leige av ein etasje i Bjergvinbygget, samt andre leigeareal som er ledige i Åsane. Forslag som inneber store auka kostnader til investering/ombygging for perioden fram til nybygg er ferdig, har ein gått bort frå. Likeeins vil ein unngå at det vert fleire ulike lokasjonar. Den rimelegaste løysinga er å ha modulbygg berre på ein stad. Ein tek sikte på å halde omstillings- og flyttarbeid på eit rimeleg nivå, samstundes som det er ønskeleg med løysing som kan vere akseptabel fram til nybygget er ferdig. Vurderingane tek omsyn til det å samle fagleg miljø, samle fagtilboda for elevane med særleg omsyn til HO og PÅ, tomtemessige, økonomiske og praktiske vurderingar. Konklusjonen er at det er modulbygg ved Åsane vgs som er mest tenleg. Kostnader til modulbygg må haldast innanfor vedteken budsjettamme.

Prosess

Informasjon og medverknad er avgjerande i omstillingsarbeidet, og vi gir her ei kort oversikt over prosessen så langt:

- Felles informasjonsmøte onsdag 2. september i Torgstuen, Åsane.

- Møte med representantar for leiinga, tillitsvalde og hovudverneombod ved Lønborg vgs, Åsane vgs, Årstad vgs/Bjørgvin, U. Pihl vgs 28.09.15 kl 14.30, Wigandgården
- Informasjonsmøte for tilsette onsdag 30. september kl. 14.30 - 15.30, Åsane vgs. Opplæringsavdelinga i samarbeid med Eigedom, leiinga ved dei involverte skulane og omstillingstillitsvald.
- Informasjons- og drøftingsmøte konsernnivå 21. oktober 2015
- Møte omstillingsutval for Lønborg vgs, Åsane vgs, Årstad vgs/Bjørgvin, U. Pihl vgs 11.11.15 kl 08.00-09.30 på Lønborg vgs. Deltakarar: Representantar for leiinga ved skulane, tillitsvalde og hovudverneombod. Seksjonsleiar fellestenester, regionleiar, fylkeshovudverneombod og omstillingstillitsvald.
- Informasjons- og drøftingsmøte konsernnivå 25. november 2015
- Informasjons- og drøftingsmøte lokalt opplæringsavdelinga 02. desember 2015
- Administrativ avgjerd november/desember 2015
- Møte i omstillingsutval 15.12.15 kl 14.30 på Åsane vgs.
- Melding til politisk nivå om administrativt vedtak etter fullmakt, jf. OPHE 18.08.15
- Melding til HAMU februar 2016

Plan for omstilling og medverknad inkl. møteplan og oppgåver i prosjektet er skissert for skuleåret 2015/16.

Personalmessige konsekvensar vaksenopplæringscenter og stillingsplan vgs

Det er planlagt for at vaksenopplæringscenteret skal vere etablert under Åsane vgs frå 01.08.16 med ein avdelingsleiar som er med i Åsane vgs si leiargruppe. Senterfunksjonen vert etablert med i alt 5,5 årsverk. I tillegg til avdelingsleiar vert det rådgjevarstillingar med oppgåver i tråd med senterfunksjonen.

Vaksenopplæringscenteret ved Åsane vgs er tenkt lokalisert på Lønborg vgs. fram til nybygget for «Nye Åsane» er ferdig i 2020. Dimensjonering av undervisningspersonalet tek utgangspunkt i at det er i alt 16 grupper som skal ha undervisning innan vaksenopplæring.

Ut frå at det same talet på elevgrupper i vidaregåande opplæring vert lagt til grunn for samorganisering og samlokalisering, ser ein ikkje større endringar når det gjeld stillingsplan/fag- og timefordeling enn det vil kunne vere ut frå endringar som følgje av elevsøknad i eit «normalår».

Ved samorganiseringa tek ein sikte på å oppnå noko betre tilhøve for tilsette enn i dag. Tilbodet til elevane kan gjennom samorganisering bli betre gjennom breiare programfagtilbod enn det som er tilfellet i dag. Ved gjennomføring av vedtak om VO-senter ved Åsane vgs, ville det vere ei ulempe både fagleg og økonomisk at Lønborg vgs ville vere ei svært lita eining med vidaregåande opplæring for ordinære elevar. Av same grunnar er det ikkje tilrådeleg at helsesekretær og helseservice held fram i Bjørgvinbygget etter at delar av HO-tilbodet flyttar til Årstad. Små einingar gjer det vanskeleg å byggje opp årsverk til heile stillingar utan at medarbeidarar må pendle/ha fleire arbeidsstader. Som ledd i personalarbeidet vert det gjennomført kompetansekartlegging og individuelle samtalar med personalet for å leggje grunnlag for gode prosessar og ny organisering.

Leiarstruktur

Leinga ved Åsane vgs vil få tilført stilling som avdelingsleiar vaksenopplæring. Der skular har fleire lokasjonar er det behov for leiarressurs i større grad enn der alle tilbod er lokalisert i eitt felles bygg. I prosjekt – og omstillingsfasen er det behov for styrking av leiarressursar for å sikre både dagleg drift, programmering og oppfølging av byggjeprojekt og omstillingsprosessar. Det er i denne fasen særleg viktig at leiarstrukturen ivaretek representasjon frå leiinga ved dei involverte skulane.

Det vil på denne bakgrunnen vere tenleg å ha ein mellombels leiarstruktur fram til innflytting i ny skule. Endeleg leiarstruktur for Nye Åsane vgs vert planlagt ut frå samla storleik og kompleksitet slik skulen vil vere frå 2020. Leiarstrukturen må vere avklart for å kunne implementere ønska romstruktur i programmeringa.

Leiarstrukturen ved Åsane vgs kan vidare kome inn under eventuelle endringar som følgje av semje knytt til forhandlingane på fylkesnivå hausten 2015. Her er utdrag frå protokoll i tilknytning til forhandlingane:

Etter fellesmøte var partane samde om følgjande:

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som ser på dei tre kategoriane av storleik på skolane i HFK. Grappa skal vurdere kva for skolar som skal ligge i kva kategori, med bakgrunn i storleik og kompleksitet. Partane skal vidare sjå på organiseringa av den pedagogiske leiinga ved dei store skolane. Arbeidet bør vera ferdigstilt i god tid før lønsoppgjeret 2016.

Partane ser at skoleleiarar ved skolar som er inne i store omstillingar og byggeprosessar i samband med Skolebruksplanen, opplever at organisering av skolen vert meir komplisert og arbeidskrevjande. Desse leiarane får større arbeidsbelastning. Det vert sett ned ei arbeidsgruppe for å sjå på system for eventuell godtgjering eller frigjering av tid for desse leiarane. Arbeidet skal vera ferdigstilt innan utgangen av 2015.

Leiarstruktur og stillingsplan vert utarbeidd innan dei gjeldande modellane for skuleleiing og innan vedtekne budsjettrammer.

Ut frå kartlegging, innspel og vurderingar ligg følgjande konklusjonar til grunn for vidare arbeid:

- Åsane vgs vert etablert som vaksenopplæringscenter med regionalt ansvar frå 01.08.16.
- Lønborg vgs vert samorganisert med Åsane vgs til ei økonomisk-administrativ eining frå 01.08.2016.
- Helsesekretær og helseservice vert flytta frå Årstad vgs/Bjørgvin og administrativt lagt under Åsane vgs frå 01.08.2016.
- Programområdet HO flyttar frå Lønborg vgs til Åsane vgs frå 01.08.16 slik at elevar og tilsette vert samlokalisert. Ordinære elevar i vidaregåande opplæring vert då samla ved Åsane vgs, og dette vert innarbeidd i søkekatalogen for 2016/17.
- Særskilt tilrettelagt opplæring (HTH) vert framleis lokalisert på Åsane vgs.
- Vaksenopplæring og lærlingar vert lokalisert på Lønborg vgs frå 01.08.16 som del av Åsane vgs. Tannhelsesekretærfaget skal vere ved Åsane vgs av omsyn til rom og utstyr.
- Modulbygg vert sett opp ved Åsane vgs for å sikre nødvendig romkapasitet fram til nybygget er ferdig i 2020. Dersom modulbygg ikkje let seg realisere til rett tid eller i tilstrekkeleg omfang, må det eventuelt finnast løysingar ved leige av areal og/eller redusert elevtal for ein periode.



Arkivnr: 2014/22562-7
Saksbehandlar: Stig Aasland, Monica Håkonsli

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	4/16	04.02.2016
Utval for opplæring og helse		10.02.2016
Fylkesutvalet		24.02.2016
Fylkestinget		08.03.2016

Plan for kompetanseutvikling. Strategi 2016 - 2020. Tiltak 2016/17

Samandrag

Den strategiske planen for kompetanseutvikling er opplæringsavdelinga sitt styringsdokument for arbeidet med kompetanseutviklinga i vidaregåande opplæring i åra som kjem. Strategisk plan blir utarbeidd for ein periode på fire år. Planen skal rullerast kvart år, og det skal utarbeidast årlege tiltaksplanar og budsjett som viser prioriteringar i lys av føringar i den overordna strategien og økonomiske rammer.

Opplæringslova § 10-8 seier at kommunar og fylkeskommunar, som skuleeigar, har ansvar for å ha riktig og naudsynt kompetanse på skulen. Ansaret tilseier at fylkeskommunane må ha eit system som gir tilsette naudsynt kompetanseutvikling. Kompetanseutviklinga skal vere systematisk og har som formål å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kompetansen hjå tilsette med oppgåver knytt til elevane og lærlingane si læring og utvikling.

Utdanningssektoren i Hordaland fylkeskommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass der læring, fornying og forbetring er ein naturleg del av kvardagen. Plan for kompetanseutvikling skal medverke til kontinuerleg kvalitetsutvikling for å nå fylkeskommunen sine overordna mål om auka læringsutbytte og fullføring. Planen viser sentrale kompetanseutviklingsområde og strategiar for ei langsiktig utvikling av kompetanse i skulane i Hordaland. Målretta og systematisk satsing på kunnskapsdeling og kompetanseutvikling skal sikre at HFK og den enkelte medarbeidar har rett og framtidretta kompetanse.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i *Plan for kompetanseutvikling. Strategi 2016-2020. Tiltak 2016/1.*

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Plan for kompetanseutvikling. Strategi 2016 - 2020. Tiltak 2016/17

Fylkesrådmannen, 20.01.2016

Plan for kompetanseutvikling 2016-2020. Strategi og tiltak 2016/17

Utdanningssektoren i Hordaland fylkeskommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass der læring, fornying og forbetring er ein naturleg del av kvardagen. Plan for kompetanseutvikling skal medverke til kontinuerleg kvalitetsutvikling for å nå fylkeskommunen sine overordna mål om auka læringsutbytte og fullføring. Planen viser sentrale kompetanseutviklingsområde og strategiar for langsiktig og planmessig utvikling av kompetanse i skulane i Hordaland. Målretta og systematisk satsing på kunnskapsdeling og kompetanseutvikling skal sikre at HFK og den enkelte medarbeidar har rett og framtidsretta kompetanse.

Planen skal bidra til:

1. Rett kompetanse
2. Høg fagleg og pedagogisk kvalitet i undervisninga
3. Å gjere Hordaland fylkeskommune til ein attraktiv arbeidsplass for tilsette i vidaregåande utdanningssektor

Strategi for kompetanseutvikling

Det er viktig for Opplæringsavdelinga å skape arenaer for kompetanseutvikling og eit system for kontinuerleg og systematisk arbeid med kollektiv kompetanseutvikling. Ein av hovudstrategiane for dette er ulike former for nettverk. Fylkesdirektør opplæring vil frå hausten 2016 etablere fagnettverk innanfor ulike utdanningsprogram/fag. Fagnettverket skal bestå av lærarar, skuleleiarar, skuleeigarrepresentantar og eksterne representantar frå næringsliv og/eller høgskule/universitet og erstattar det tidlegare FAU-systemet.

Den nye innrettinga av fagnettverka skal sikre ei brei forankring i utdanningssektoren i HFK og vere ein arena for fremjing av fagleg kompetanseutvikling i fylket. Fagnettverka skal bidra til fagleg kompetanseutvikling innanfor ulike utdanningsprogram/fag i tråd med nasjonale og lokale føringar. Kompetanseutviklinga skal bidra til utvikling av undervisnings- og vurderingspraksis i faga der elevlar og lærlingar si læring står i sentrum.

Fylkesrådmannen ser det som ein sentral strategi for skuleeigar å legge til rette for læringsarenaer, og det vil også i neste strategiperiode bli lagt vekt på å utvikle nettverk og sikre møteplassar for relevant fagleg kompetanseheving og erfaringsdeling mellom personar frå ulike skular med same stilling/funksjon. Det gjeld til dømes skuleleiarar, rådgjevarar, elevinspektørar, m.m. Det har i inneverande strategiperiode blitt etablert nye nettverk/samarbeidsarenaer.

Kompetanseutviklingsområde

I strategidelen av *Plan for kompetanseutvikling* peikar Opplæringsavdelinga på ni kompetanseutviklingsområde som skal leggast til grunn for utarbeiding av årlege tiltak:

- Pedagogiske kompetanseutviklingsområde
- Fagleg-pedagogisk kompetanse
- Leiing
- Samarbeid skule/bedrift
- Oppfølging av nytilsette
- Interkulturell kompetanse
- Rådgiving
- Spesialpedagogisk kompetanse
- Skulebibliotektenesta

Finansiering 2016/17

Tiltaka blir finansiert ved hjelp av statlege midlar til kompetanseutvikling og midlar frå Opplæringsavdelinga sine budsjett. I dette er det ikkje rekna med eigeninnsats i form av faste stillingar ved Opplæringsavdelinga og skulane. Heller ikkje skulane sine vikarutgifter i samband med lærarane si etterutdanning er rekna med. Desse ressursane er betydelege. Det er lagt inn eigenbetaling frå skulane i samband med etterutdanning i regi av fagnettverka.

Statlege midlar til etterutdanning er midlar det har blitt søkt på til spesifikke tiltak. Det er krav om rapportering på bruk av desse midlane. I inneverande periode gjeld dette midlar til hospitering, fagkurs for yrkesfaglærarar og vurdering for læring.

Finansieringa av vidareutdanning gjennom *Kompetanse for kvalitet* er delt mellom statlege og fylkeskommunale midlar. Finansieringa er ei spleising mellom stat, skuleeigar og den enkelte lærar.

Kostnader	Kroner
Skulebasert kompetanseutvikling	700 000
Etter -og vidareutdanning	30 725 000
SUM	31 425 000

Finansiering	Kroner
Statlege midlar	17 720 000
HFK-midlar	13 705 000
SUM	31 425 000

Plan for kompetanseutvikling Strategi 2016-2020

Tiltak 2016/17



Innhold

Kapittel 1 Strategi 2016 - 2020	3
1. Innleiing	3
1.1 Kort om planen	3
2. Nasjonale og lokale føringar	4
2.1 Nasjonale føringar	4
2.2 Lokale føringar	4
3. Strategi for kompetanseutvikling.....	5
3.1 Kompetanseplanlegging- og kartlegging.	5
3.2 Skulebasert kompetanseutvikling	5
3.3 Etterutdanning	5
3.4 Vidareutdanning.....	6
4. Kompetanseutviklingsområder	6
4.1 Pedagogiske kompetanseutviklingsområder	6
4.2 Faglig-pedagogisk kompetanse.....	7
4.3 Leiing	8
4.4 Samarbeid skule/bedrift.....	8
4.5 Oppfølging av nytilsette	8
4.6 Interkulturell kompetanse.....	8
4.7 Rådgiving	9
4.8 Spesialpedagogisk kompetanse	9
4.9 Skulebibliotekenesta.....	9
Kapittel 2 Oversikt over prioriterte tiltak i 2016/17	10
5. Tiltak	10
5.1 Skulebasert kompetanseutvikling	10
5.2 Etterutdanning	10
5.3 Vidareutdanning.....	11
6. Finansiering 2016/17	11

Plan for kompetanseutvikling

Kapittel 1 Strategi 2016 - 2020

1. Innleiing

Den strategiske planen for kompetanseutvikling er opplæringsavdelinga sitt styringsdokument for arbeidet med kompetanseutviklinga i vidaregåande opplæring i åra som kjem. Strategisk plan blir utarbeidd for ein periode på fire år. Planen skal rullerast kvart år og det skal utarbeidast årlege tiltaksplanar og budsjett som viser prioriteringar i lys av føringar i den overordna strategien og økonomiske rammer.

Opplæringslova seier at kommunar og fylkeskommunar, som skuleeigar, har ansvar for å ha rett og naudsynt kompetanse på skulen: § 10-8 Kompetanseutvikling:

Skuleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skuleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med sær oppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgde med utviklinga i skolen og samfunnet.

Ansvarer tilseier at fylkeskommunane må ha eit system som gir tilsette naudsynt kompetanseutvikling. Kompetanseutviklinga skal vere systematisk og har som formål å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kompetansen hos tilsette med oppgåver knytt til elevane og lærlingane si læring og utvikling.

Utdanningssektoren i Hordaland fylkeskommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass der læring, fornying og forbedring er ein naturleg del av kvardagen. Plan for kompetanseutvikling skal medverke til kontinuerleg kvalitetsutvikling for å nå fylkeskommunen sine overordna mål om auka læringsutbytte og fullføring. Planen viser sentrale kompetanseutviklingsområder og strategiar for ein langsiktig utvikling av kompetanse i skulane i Hordaland. Målretta og systematisk satsing på kunnskapsdeling og kompetanseutvikling skal sikre at HFK og den enkelte medarbeidar har rett og framtidretta kompetanse.

Planen skal bidra til:

1. Rett kompetanse
2. Høg faglig og pedagogisk kvalitet i undervisninga
3. Å gjere Hordaland fylkeskommune til ein attraktiv arbeidsplass for tilsette i vidaregåande utdanningssektor

1.1 Kort om planen

Målgrupper: Lærarar/instruktørar, skuleleiarar, faglege leiarar (bedrift), rådgjevarar, elevinspektørar, miljøarbeidarar og bibliotekansvarlege.

Planens oppbygging

Plan for kompetanseutvikling er delt inn i to hovudkapittel – *Strategi 2016-2020* og *Oversikt over prioriterte tiltak i 2016/17*. Det første kapittelet *Strategi 2016-2020* er fylkeskommunen sitt styringsdokument for arbeidet med kompetanseutviklinga i vidaregåande opplæringa og skal gi generelle overordna føringar for den årlige tiltaksplanen. Den generelle delen er delt inn i tre underkapittel:

- *Nasjonale og lokale føringar* som viser kva føringar som er lagt til grunn for planen.
- *Strategiar for kompetanseutvikling* som gjer greie for på kva måtar fylkeskommunen planlegg å legge til rette for kompetanseutvikling.
- *Prioriterte kompetanseutviklingsområder* som gir ei kort omtale av dei prioriterte kompetanseutviklingsområda som skal leggjast til grunn for årleg rullering av planen.

I samband med den årlege rulleringa av planen skal kompetanseutviklingsområda inngå som tema og vurderast i lys av eventuelle nye signal i nasjonale og lokale styringsdokument.

Kapittel 2 *Oversikt over prioriterte tiltak i 2016/17* gir ei oversikt over tiltak og økonomi for 2016/17. Tiltaksplan og budsjett skal utarbeidast kvart år og drøftast med organisasjonane.

2. Nasjonale og lokale føringar

Strategiplanen skal understøtte fylkeskommunen sine hovudmål og strategiar og er forankra i nasjonale og lokale føringar og følgjer hovudavtalen (Del C, § 6) og arbeidsmiljølova (§ 4-2) sine krav om kompetanseutvikling og fagleg og personleg utvikling.

2.1 Nasjonale føringar

Felles for dei nasjonale føringane er eit fokus på eit *systematisk, kunnskapsbasert* og *dynamisk* arbeid med kompetanseutvikling:

- Krav i Læreplanverket
- Kompetanse for kvalitet – Strategi for vidareutdanning for lærere og skoleledere fram mot 2025
- Yrkesfaglærarløftet – strategi for kompetanseutvikling for yrkesfaglærere
- NOU 2015:8 «Fremtidens skole»
- Stortingsmelding 18 (2010-2011) Læring og fellesskap
- Stortingsmelding 20 (2012-2013) På rett vei

I **NOU 2015:8 «Fremtidens skole»** har eit utval vurdert kva kompetansar som vil vere viktige for elevane og kva endringar som må gjerast for at elevane utviklar desse kompetansane. Utvikling av skuleeigar og skulane sin kompetanse når det gjeld styring og leiing av lokalt arbeid med læreplanar vil vere ein viktig strategi for å bygge utviklingskapasitet i opplæringssektoren i åra framover.

Vidare påpeikar Ludvigsenutvalet at lærarprofesjonens kompetanse og praksis er avgjerande for at elevane skal kunne utvikle kompetansane for framtida. Utvalet seier vidare at lærarane vil ha behov for å styrke sin didaktiske og fagdidaktiske kompetanse og vidareutvikle metodar for undervisning. Kollegialt samarbeid om elevanes læring er ein føresetnad for å sikre at planlegging og gjennomføring av undervisninga bygger på forskning og erfaring og er tilpassa elevane sitt læringsbehov. Ludvigsenutvalet påpeikar vidare at eit godt læringsmiljø, samt støtte til lærarens arbeid, er avgjerande for lærarens profesjonelle arbeid.

Kompetanse for kvalitet – Strategi for vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar fram mot 2025

Målsetjinga er å styrkje elevane si læring og motivasjon ved å auke læraren sin faglege, fagdidaktiske og pedagogiske kompetanse gjennom målretta og landsdekkjande gjennomføring av vidareutdanning. Strategidokumentet set rammer for nasjonale satsingsområder og ansvarsfordelinga mellom dei ulike partane. Dette strategidokumentet er utarbeidd i samarbeid mellom Kunnskapsdepartementet, KS, lærarorganisasjonane og Universitets- og høgskulerådet.

I strategien står det blant anna at det er viktig at fylkeskommunen: «*kartlegger behov for vidareutdanning på den enkelte skole og samarbeider med arbeidstakerne om langsiktige planer for kompetanseutvikling*»

I **Yrkesfaglærarløftet** har regjeringa utarbeida ein strategi med desse måla:

- auka rekruttering og kvalifisering av yrkesfaglærere
- god kvalitet og relevans i yrkesfaglærarutdanninga
- gode mogelegheiter for kompetanseutvikling

2.2 Lokale føringar

Plan for kompetanseutvikling er forankra i følgjande lokale føringar:

- Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane
- Årleg tilstandsrapport for vidaregåande opplæring i Hordaland
- Strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019
- Regional plan for folkehelse - Fleire gode leveår for alle

- Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025

3. Strategi for kompetanseutvikling

Det er viktig for opplæringsavdelinga å skape arenaer for kompetanseutvikling og eit system for kontinuerlig og systematisk arbeid med kollektiv kompetanseutvikling. Den strategiske planen for kompetanseutvikling er opplæringsavdelinga sitt styringsdokument for arbeid med kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring i åra som kjem og dannar rammeverket for det framtidige arbeidet.

3.1 Kompetanseplanlegging- og kartlegging

I perioden 2016-2020 skal det systematiske arbeidet med kartlegging av kompetansebehov styrkast, jf. opplæringslova § 10-8. Det er avgjerande at den einskilde skule har ei aktiv og medveten haldning til kva kompetanse skulen har og kva type kompetanse skulen treng. På bakgrunn av kompetansekartlegging, må skulen vurdere kva kompetanse det er behov for og utarbeide ein plan for kompetanseutvikling som blir rullert årleg. Skulane sine kompetanseplanar skal og leggjast til grunn for den årlege rulleringa av strategi for kompetanseutvikling.

3.2 Skulebasert kompetanseutvikling

Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet har i dei seinare åra vektlagt større satsing på skulebasert kompetanseutvikling. Dette er ein strategi HFK vil følgje opp og prioritere i komande strategiperiode. Skulebasert kompetanseutvikling inneber at skulane får til utviklingsprosessar på eigen arbeidsplass, gjerne i samarbeid med eksterne kompetansetilgjeng. Målet er å utvikle skulens samla kompetanse når det gjeld læring, undervisning og samarbeid. Auka fokus på skulebasert utvikling betyr at Hordaland fylkeskommune i større grad må sjå kompetanseutvikling og skuleutvikling i samanheng.

3.3 Etterutdanning

3.3.1 Fagnettverk

Fylkesdirektør opplæring vil frå hausten 2016 etablere fagnettverk innanfor ulike utdanningsprogram/fag. Fagnettverket erstattar det tidlegare FAU-systemet. Den nye innrettinga av fagnettverka skal sikre ei brei forankring i utdanningssektoren i HFK og vere ein arena for fremjing av faglig kompetanseutvikling i fylket. Fagnettverka skal bidra til fagleg kompetanseutvikling innanfor ulike utdanningsprogram/ fag i tråd med nasjonale og lokale føringer. Kompetanseutviklinga skal bidra til utvikling av undervisnings- og vurderingspraksis i faga der elevane og lærlingar si læring står i sentrum.

Fagnettverka skal bestå av lærarar, skuleleiarar, skuleeigarrepresentantar og eksterne representantar frå næringsliv og/eller høgskule/universitet. Det er representantane frå HFK i fagnettverka som saman kan avgjere kva ekstern kompetanse som er hensiktsmessig å invitere til ein plass i fagnettverket.

Fagnettverka sitt arbeid skal vere målretta og forpliktande. Aktiviteten og innhaldet i det enkelte fagnettverk kan variere med omsyn til at faga-/programområda er ulike i storleik, faginnhald og sær eigenheit. For å sikre ressursar til å leie og gjennomføre arbeidet i fagnettverka med planlegging og gjennomføring av kompetansehevingstiltak, vil det bli sett av inntil 30% for frikjøp av 2 lærarar i kvart av fagnettverka. Det er fylkesdirektør opplæring som lyser ut og engasjerer ressurspersonar i fagnettverka.

Fagnettverka skal:

- Drøfte og løfte sentrale problemstillingar knytt til utviklinga av utdanningsprogrammet/fagområdet
- Identifisere og kartlegge behov for kompetanseutvikling innanfor utdanningsprogrammet/fagområdet
- Tilby fagleg-pedagogiske kurs/kompetanseutviklingstiltak for lærarar
- Vurdere behov for andre typar kompetanseutviklingsarenaer som kan styrke samarbeid på tvers innan utdanningssektoren og mellom utdanningssektoren og eksterne kompetansetilgjeng/næringsliv

Frå august 2016 vil det bli etablert 16 fagnettverk innan følgjande fag-/programområder:

- Bygg- og anleggsteknikk
- Design og handverk
- Elektrofag
- Framandspråk
- Helse- og omsorgsfag
- Idrettsfag og kroppsøving
- Kunst, design og arkitektur
- Medium og kommunikasjon
- Musikk, dans og drama
- Naturbruk
- Norsk
- Realfag
- Restaurant- og matfag
- Samfunnsfag og økonomi
- Service og samferdsel
- Teknikk og industriell produksjon

3.3.2 Interne kurs og kompetanseutviklingstilbod i regi av HFK som skuleeigar

Hordaland fylkeskommune har eit stort tal vidaregåande skular spreidd over eit relativt stort geografisk område. Skulane har varierende storleik både med omsyn til tal på elevar og faglig kompleksitet. Det er difor av stor verdi for einskilde grupper innan sektoren og få eit tilbod om kompetanseutviklingsarenaer saman med kollegaer frå andre skular.

Fylkesdirektør opplæring ser det som ein sentral strategi for skuleeigar å legge til rette for slike læringsarenaer, og det vil også i neste strategiperiode bli lagt vekt på å utvikle nettverk og sikre møteplasser for relevant faglig kompetanseheving og erfaringsdeling mellom personar frå ulike skular med same stilling/funksjon. Det gjeld til dømes skuleleiarar, rådgjevarar, elevinspektørar, m.m. Det har i inneverande strategiperiode blitt etablert nye nettverk/samarbeidsarenaer.

3.4 Vidareutdanning

Tilbod om vidareutdanning til lærarar og skuleleiarar i vidaregåande opplæring skal i hovudsak prioriterast på grunnlag av nasjonale og lokale behov og rammevilkår. Det er også viktig å sjå strategi for vidareutdanning som eit ledd i ein arbeidsgjevarpolitikk som tar omsyn til individuelle ønsker og behov for kompetanseutvikling, særleg i omstillingssituasjonar.

Med vidareutdanning meinast utdanning frå universitet og høgskule som gir formell kompetanse og kan omfatte både påbygging på fag ein allereie har noko utdanning i, og utdanning i nye fag. Vidareutdanningane skal vere målretta mot fagområde det er særleg behov for å styrke. Vidare skal dei vere retta inn mot lærarar som profesjonsutøvarar og gi fagleg og didaktisk kompetanse i faga. Kva fag og pedagogisk kompetanse som skal prioriterast kvart år skal drøftast i samband med den årlige rulleringa av planen.

4. Kompetanseutviklingsområder

Dei prioriterte kompetanseutviklingsområda baserer seg på nasjonale og lokale føringar og oppdatert forskning på skulesektoren, og skal bidra til å nå overordna nasjonale og lokale mål. Nedanfor følgjer ei oversikt over dei prioriterte kompetanseutviklingsområda for perioden 2016-2020.

4.1 Pedagogiske kompetanseutviklingsområder

4.1.1 Klasseleiing

Klasseleiing handlar om å skape eit positivt læringsmiljø, der elevene kan konsentrere seg og bli motiverte for læring og utvikling. God vurderingspraksis og god klasseleiing heng tett saman, og er grunnleggande for læraranes pedagogiske praksis. Det er vanskelig å få til god klasseleiing utan god vurderingspraksis og

omvendt. Skal elevanes dugleik i lesing og rekning bli betre, er dei avhengige av å ha lærarar som er dyktige klasseleiarar og som har en vurderingspraksis som bygger opp under gode relasjonar, tydelege faglege forventningar til elevane, eit trygt læringsmiljø, læringsfremjande tilbakemeldingar og elevar som er aktive deltakarar i eigen læreprosess.

4.1.2. Læringsmiljø

Læringsmiljø er avgjerande både i klasserommet, i verkstaden og i bedrifta der ein er ute i lære. Korleis elevane og lærlingane trivst, har innverknad på motivasjon og psykisk helse og har igjen innverknad på vidare utdanningsløp. Manglande sosial og fagleg identifikasjon og tilhøyrse, samt låg skulemotivasjon er dei viktigaste direkte årsakene til svake skuleprestasjonar og fråfall. Elevar og lærlingar som opplever tilhøyrse og tilknytning til skule og lærebedrift har større sjanse for å gjennomføre utdanninga. I ei forskingsoppsummering ved Kunnskapssenter for utdanning i 2014 blir det slått fast at «*stadig mer forskning peker i retning av at opplevelse av tilhørighet og tilknytning til skolen er en sterk prediktor for helse, og læringsutbytte, elevtilfredshet og atferdsproblemer*¹» Skuleleiarar og elevinspektørar vil vere særleg sentrale målgrupper for kompetanseheving på dette området.

4.1.3 Vurdering for læring

Å sikre at elevar og lærlingar får læringsfremjande tilbakemeldingar på eigne prestasjonar og utvikling er eit sentralt kompetanseutviklingsområde i HFK. Vurdering skal ha som formål å motivere eleven/lærlingen til å nå læringsmåla. Undervegsvurdering handlar om å klargjere forventningar, beskrive og vurdere oppnådd kvalitet på læringsarbeidet, gi råd om forbetring og legge til rette for at eleven/lærlingen skal vurdere eige arbeid. Lærarane/instruktørane sin kompetanse og vurderingspraksis har stor betydning for elevane/lærlingane sitt læringsutbytte.

4.1.4 Pedagogisk bruk av IKT

Kunnskapsløftet (K06) spesifiserer digitale ferdigheiter som ein grunnleggjande ferdigheit og naudsyn kompetanse for læring i alle fag. Bruk av IKT er soleis ein føresetnad for elevane si læring og utvikling av læringsarbeidet i skulen. Forsking peikar også på at bruk av IKT kan bidra til å fremje elevdeltaking—meir elevsentrert og dialogbasert (dialogisk) undervisning. Erfaring frå utviklingsarbeid og læringsprosjekt i Hordaland synar allereie IKT si rolle knytt til utvikling av god vurderingspraksis og tilpassa opplæring². NOU 2015:8 «Fremtidens skole»³ følgjer opp K06 si satsinga på digital kompetanse og viser til korleis denne kompetansen må inngå som ein sentral del av fagområda i skulen i framtida. Bruk av IKT i læringsarbeidet krevjar kontinuerlig kompetanseheving for elev, lærar, skuleleiar og administrasjon—særskilt i høve til verktøykompetanse og didaktisk forståing av korleis IKT kan nyttast i fag og undervisning.

4.2 Faglig-pedagogisk kompetanse

Stabile og robuste fagmiljø er ein føresetnad for ei opplæring av høg kvalitet. NOU: 2015:8 peikar på at faga i skulen treng fornying for å møte framtidig kompetansebehov i arbeids- og samfunnsliv. Elevane utviklar kompetanse gjennom arbeidet med faga, og utvalet meiner at ei fornying må reflektere at elevar i norsk skule vil ha behov for å utvikle fire sentrale kompetansar: fagspesifikk kompetanse, kompetanse i å lære, kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta, og kompetanse i å utforske og skape. Fag og fagområde endrar seg raskare enn tidlegare. God kunnskap om dei mest sentrale metodane og tenkemåtane, omgrepa og prinsippa som faga består av, vil gi elevane innsikt og ferdigheiter i faget som er relevante over tid.

Faga må utviklast slik at dei legg til rette for at elevane har moglegheit til å gå i djupna og det må vurderast å redusere tal fagområder det er realistisk at skulefaga kan bestå av. Utvalet peiker også på tre fleirfaglege tema som vil vere særlig viktige framover og som må vere tydelige i læreplanverket: Bærekraftig utvikling, det

1

<http://www.forskningsradet.no/servlet/Satellite?c=Rapport&cid=1254000228200&pagename=kunnskapssenter/Hovedsidemal>

2 <https://www.laringihordaland.no>

3 NOU 2015:8 Fremtidens skole: side 26. "Utvalget ser digital kompetanse som en sentral del av fagområdene i skolen. Teknologitviking og bruk av digital teknologi har stor innvirkning på hvordan vi lever livene våre både privat, i skolen og i arbeids- og samfunnsliv. Digital kompetanse er i dag en forutsetning for å kunne delta i ulike former for læring og utdanning og for å delta aktivt i arbeids- og samfunnsliv. Digital kompetanse er en integrert del av ulike fagområder i skole og utdanning, og er avgjørende for innovasjon og teknologitviking i næringslivet og i offentlige virksomheter."

fleirkulturelle samfunn og folkehelse og livsmestring. Gjennom skulebasert kompetanseutvikling, fagnettverk og vidareutdanning skal HFK sikre høg og framtidretta fagkompetanse.

4.3 Leing

HFK skal legge til rette for vidareutdanningstilbod for skuleleiarar som er oppdatert, stimulerande, relevant og praktisk anvendeleg. Målet er at rektorane/skuleleiarane skal bli betre i stand til å utføre sine leiaroppgåver i ein praktisk og travel kvardag. Tilbakemeldingar dei seinare åra tyder på at dei som har gjennomført vidareutdanning innan skuleleing i større grad har ei klar forståing av eiga leiarrolle og føler seg tryggare i rolla som skuleleiar. Vidareutdanningstilbod retta mot skuleleiarar vil framleis vere det viktigaste tiltaket når det gjeld kompetanseutvikling for skuleleiarar. Målet er at alle skuleleiarar i HFK skal ha minimum 30 studiepoeng innanfor område utdanningsleing på masternivå.

Det vil i neste strategiperiode i tillegg bli lyst ut eit årleg stipend til rektorar/skuleleiarar som har gjennomført rektorutdanninga og ønskjer å gå vidare til ein fullført mastergrad. Stipendet skal gå til å dekke eventuelle skulepengar/andre kostnader knytt til gjennomføringa.

4.4 Samarbeid skule/bedrift

For at flest mogleg lærlingar og lære kandidatlar skal fullføre, er det nødvendig at åra i vidaregåande opplæring blir sett på som ein heilskap, og at det er tett kontakt mellom bedrift og skule gjennom heile løpet. Dagens regjering ønskjer å motivere arbeidslivet til å delta i kompetanseutviklinga av yrkesfaglærarane. Bedrifter og bransjar har fagkompetanse, er oppdaterte på teknologi og metodar, og kan dermed bidra til at lærarar som underviser framtidige lærlingar/arbeidstakarar også får denne kunnskapen.

Det er skilnad på korleis ein yrkesfaglærer og ein fellesfaglærer utøver profesjonen sin. Yrkesfaglærarane bør difor få eigne kompetanseutviklingstilbod som er skreddarsydde for denne gruppa. Både nasjonalt og lokalt er det sett i gang tiltak for å få meir systematisk kunnskap om kva kompetansebehov yrkesfaglærarane har.

Hospitering fører til kompetanseheving og nettverksbygging både for dei tilsette i skulane og i bedrifta. Dette fører til ei utviding av skulane sine kontaktnett hos bedrifta, samt stimulerer til betre samarbeid mellom skule og arbeidsliv.

4.5 Oppfølging av nytilsette

Nye lærarar i HFK skal sikrast tett og god oppfølging frå arbeidsgjevar si side. Dette kan best sikrast gjennom at nye lærarar møter rettleiarar med høg fagleg og pedagogisk kompetanse. Eit tilbod om formell kompetanse innan rettleiing for mentorar er viktig for å sikre kvalifisert rettleiing av nye lærarar slik at dei meistarar jobben og blir i skulen. Utdanning innanfor rettleiing for mentorar skal sikre at den rettleiinga nye lærarar får er målretta, systematisk og profesjonell. Nye lærarar må og sikrast gode og tilrettelagte læringsarenaer på tvers av skular der dei kan møte andre lærarar i same situasjon og dele erfaringar i ein trygg kontekst.

4.6 Interkulturell kompetanse

Det å erverve seg kunnskap om andre kulturar og andre måtar å tenke og løyse utfordringar på, gjer at ein også får meir kunnskap om seg sjølv og sin eigen kulturelle bakgrunn. Interkulturell kompetanse kan blant anna definerast som å få meir grunnleggande kunnskap om seg sjølv og andre og dermed gjere ein i stand til å fungere positivt, reflektert og aktivt i eit kulturelt mangfald og i internasjonal samhandling.

Med utgangspunkt i HFK sin Internasjonale strategi frå 2013 utvikla opplæringsavdelinga sin strategi med handlingsplan i 2014. Eit av måla for internasjonalisering i vidaregåande opplæring er:

- Internasjonal kompetanse skal gjere elevane og lærlingane i stand til å fungere positivt, reflektert og aktivt i eit fleirkulturelt norsk samfunn og eit internasjonalt verdssamfunn.

I tråd med HFK sin overordna strategi har opplæringsavdelinga som mål å auke den internasjonale kompetansen til lærarar og skuleleiarar. Skuleeigar kan bidra med kompetanse og støtte slik at lærarar og skuleleiarar får kunnskap om å søkje ulike europeiske stipendordningar.

4.7 Rådgiving

4.7.1 Karriererådgiving

Val av utdanning og yrke blir opplevd som vanskelig for mange elevar. I tillegg vil stadig fleire i løpet av yrkeskarrieren ha behov for å skifte jobb eller yrke. Eit godt system for karriererettleiing med høg kompetanse kan bidra til at den enkelte sine føresetnader og arbeidslivet sin etterspørsel etter kompetanse kan bli ivareteke på ein effektiv måte. Dette kan være av stor samfunnsøkonomisk betydning i eit arbeidsliv der endring blir stadig vanlegare. Kompetansehevande tiltak vil i så måte knytast til karriererettleiing som læringsprosess, kor karrierelæring er sentral. Utvikling av karrierekompetanse og valkompetanse blir svært viktig i framtida. (Rapport fra ekspertutvalg, VOX, 2015 «CMS – et felles perspektiv for karriereveiledning i Norge?»)

4.7.2 Sosialrådgiving

Behovet for individuell rådgiving er aukande, særlig innanfor det sosialpedagogiske rådgivingsfeltet (Buland, T m.fl, 2015) Eit aukande tal minoritetsspråklige elevar inneber utfordringar knytt til språk, kultur og psykososiale problemstillingar. I tillegg ser ein og ein auke av psykososiale utfordringar i elevmassen generelt. At psykososiale utfordringar kan ha stor betydning for den enkelte sine moglegheiter til å fullføre vidaregåande opplæring viser ei kartlegging frå NAV Hordaland og Hordaland fylkeskommune i forbindelse med NY GIV. I undersøkinga kjem det fram at 70 % av elevane som slutta undervegs i vidaregåande opplæring i Bergen skuleåret 2010-2011, hadde rusproblem, psykiske problem, eller begge delar (St. meld. 20 «På rett vei»).

4.8 Spesialpedagogisk kompetanse

Skuleleiarane skal sikre at skulen har kompetanse til å følgje opp og gje forsvarleg opplæring til elevar med særskilte behov. Årleg blir om lag 1000 elevar/lærlingar/lærekandidatar tilvist til OT/PPT for vurdering av ulike vanskar og ønskje om råd om tilpassa opplæring og sakkunne om spesialundervisning. Skuleeigar og skuleleiarane har ansvar for å sikre at skulane har den naudsynte kompetansen slik at dei kan gje alle elevar, uansett kva lærevanskar dei har, eit forsvarleg opplæringstilbod og følgje opp råd og sakkunnige anbefalingar frå OT/PPT.

PP-tenesta har ansvar for å hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov jf. opplæringslova § 5-5. For å sikre god og rett kompetanse på det spesialpedagogiske området vil det vere behov for kontinuerleg og planlagt kompetanseheving for å møte behova til elevar som treng særskilt tilrettelegging for å fullføre vidaregåande opplæring.

4.9 Skulebibliotektenesta

Skulebibliotektenesta kan vere ein viktig ressurs for å skape eit godt skule- og læringsmiljø der elevane får rettleiing og hjelp til å finne og utforske tekstar gjennom alle typar media og til alle typar emne og fag. Bibliotektenesta er i stadig utvikling i ein digital kvardag. Skulebibliotekaren er ein profesjonell rettleiar i kjeldekritikk og kvalitetssikring av informasjon. Etterutdanning i høve dagens medielandskap er ei viktig investering. Styrking av kompetansen i skulebiblioteka vil vere viktig for elevane si læring og læringsmiljøet, og bidra til å gjere biblioteket som læringsarena til ein uvurderleg møteplass mellom språk og kultur for alle elevar.

Kapittel 2

Oversikt over prioriterte tiltak i 2016/17

5. Tiltak

Dette kapittelet gir ei oversikt over prioriterte tiltak og økonomi for 2016/17. Tiltaksplanen er utarbeida i tråd med føringar i kapittel 1 i Plan for kompetanseutvikling.

5.1 Skulebasert kompetanseutvikling

Målområder	Tiltak	Kostnadsramme
Skulebasert kompetanseutvikling	<ul style="list-style-type: none"> - Læringsprosjekt - Lesing i alle fag 	700 000
Sum		700 000

5.2 Etterutdanning

Målområder	Tiltak	Kostnadsrammer
Nettverk		
Fagnettverk	Faglig kompetanseutvikling innanfor ulike utdanningsprogram/ fag	5 000 000
Andre nettverk for: <ul style="list-style-type: none"> - Bibliotekansvarlege - Elevinspektør - Miljøarbeidarar - Minoritetsspråklege - Pedagogisk bruk av IKT - Rådgjevarar - Skuleleiarar - Spesialpedagogikk 	Interne kurs og kompetanseutviklingstilbod i regi av HFK som skuleeigar	1 660 000
Sum nettverk		6 660 000

Målområder	Tiltak	Kostnadsrammer
Annan etterutdanning		
Lærarar	<ul style="list-style-type: none"> - Andrespråkslæring - Fagkurs for yrkesfaglærarar - Hospitering for lærarane - Kurs - Nordic Teachers Space camp - Pedagogisk bruk av IKT - "dei gode døma" - Utdannings- og reisestipend - Vurdering for læring 	2 320 000

Målområder	Tiltak	Kostnadsrammer
Skuleleiing	- Pedagogisk bruk av IKT for skuleleiing - Vurdering for læring	400 000
Rådgjevarar	- Hospitering for rådgjevarar - Kursrekke innan rådgjeving - Samlingar for rådgjevarar og realkompetanse koordinatorane	425 000
Faglige leiarar / instruktørar og prøvenemnda	- Faglig leiar / instruktør opplæring - Hospitering for instruktørar / faglig leiarar - Vurderingskurs for prøvenemnder	2 080 000
Miljøarbeidarar	- Stipend	100 000
Sum annan etterutdanning		5 325 000

5.3 Vidareutdanning

Målområder	Tiltak	Kostnadsramme
Vidareutdanning		
Lærarar	- Kompetanse for kvalitet - Tilpassa opplæring og spesialpedagogikk	18 740 000
Rådgjevar	- Karriererettleiing - Sosialpedagogikk	
Rektorutdanning	- 30 stp. innan skuleleiing	
Stipend til skuleleiing for masterutdanning	- Stipend	
Miljøarbeidarar	- Stipend	
Sum vidareutdanning		18 740 000

6. Finansiering 2016/17

Kostnader	Kroner
Skulebasert kompetanseutvikling	700 000
Etter -og vidareutdanning	30 725 000
Sum	31 425 000

Finansiering	Kroner
Statlege midlar	17 720 000
HFk-midlar	13 705 000
Sum	31 425 000

Tiltaka blir finansiert ved hjelp av statlege midlar til kompetanseutvikling og midlar frå opplæringsavdelinga sine budsjett. I dette er det ikkje rekna med eigeninnsats i form av faste stillingar ved opplæringsavdelinga og skulane. Heller ikkje skulane sine vikarutgifter i samband med lærarane si etterutdanning, er rekna med. Desse ressursane er betydelege. Det er lagt inn ein eigenbetaling frå skulane i samband med etterutdanning i regi av fagnettverka.

Statlege midlar til etterutdanning er midlar det har blitt søkt på til spesifikke tiltak. Det er krav om rapportering på bruk av desse midlane. I inneverande periode gjeld dette midlar til hospitering, fagkurs for yrkesfaglærarar og vurdering for læring.

Finansieringa av vidareutdanning gjennom *Kompetanse for kvalitet* er delt mellom statlege og fylkeskommunale midlar. Finansieringa er ei spleising mellom stat, skuleeigar og den enkelte lærar.

Det er to finansieringsordningar i *Kompetanse for kvalitet*:

- **Vikarordning:** Lærarar som tek eit 30 studiepoeng studium skal frikjøpast 37,5 prosent av full stilling. Fordelinga på finansieringa er 60 % stat, 15 % skuleeigar og 25 % for lærarar i form av bruk av eiga tid. For vidareutdanning innan matematikk og naturfag er fordelinga slik 75 % stat og 25 % for lærarar.
- **Stipendordning:** Lærarane får 100 000 kr. i stipend for å ta 30 stp. i prioriterte fag.

Den enkelte lærarar avgjer sjølve i samråd med skuleeiginga kva finansieringsordning som blir søkt om.

Skuleeigar må dekkje utgifter i samband med reise, opphald og læremiddel for lærarar som tek vidareutdanning gjennom den nasjonale strategien.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no

Januar 2016. Opplæringsavdelinga



Arkivnr: 2015/9089-2
Saksbehandlar: Ragnhild Ravna Skjærvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	5/16	04.02.2016
Utval for opplæring og helse		10.02.2016

Tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016

Samandrag

Opplæringsavdelinga ved fagopplæringskontoret har utarbeidd ein tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland for 2016. Planen er i tråd med strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland. Tiltaka i planen for 2016 skal bidra til at vi når måla gitt i strategiplan i perioden 2016-2019.

Planen skal rullerast i samarbeid med yrkesopplæringsnemnda kvart år, og leggjast fram for opplærings- og helseutvalet til orientering.

Forslag til innstilling

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.01.2016

Bakgrunn

Tiltaksplanen for 2016 er forankra i strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019, overordna strategiar for fylkeskommunen og opplæringsavdelinga. Opplærings- og helseutvalet slutta seg til strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019 i september 2015.

Planen inneheld 3 hovudmål:

Fagopplæringskontoret skal sørge for at det blir betre balanse mellom arbeidslivet sitt behov og elevane sitt ønskje om utdanning.	Fagopplæringskontoret skal være ein pådrivar for å utvikle ei opplæring i bedrift som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som gir arbeidslivet relevant kompetanse.	Fagopplæringskontoret skal jobbe målretta for å auke andelen som fullfører fag- og yrkesopplæring og at dei får ein kompetanse som kvalifiserer for framtidig arbeid eller vidare utdanning.
--	---	--

Resultatmål

Resultatmåla skildrar kva vi ønskjer å oppnå gjennom strategiane for fag- og yrkesopplæringa i perioden 2016-2019. Utgangspunktet for resultatmåla vert 31.12.2014. Resultatmåla skal støtte opp under fylkeskommunen si målsetjing om at flest mogleg elevar skal ende opp med studiekompetanse eller fagbrev.

Summen av resultatmåla skal bidra til å redusere fråfallet og er fagopplæringa sitt bidrag til at det overordna målet til HFK på 80% gjennomføring vert nådd; i dag ligg tala på kring 70%. Resultatmåla vil måtte stykkast opp kvart år, slik at vi får ei opptrapping fram mot 2019. Når perioden er over, skal vi ha følgjande resultat:

- 80% av søkjarane får lærekontrakt.
- Andelen som gjennomfører vidaregåande opplæring med fag/sveinebrev, er 40%.
- Andelen som fullfører med fag eller sveinebrev etter at dei har begynt i lære, er 85%.
- Vi har auka nettoandelen godkjende lærebedrifter med 10%.
- Vi har redusert talet på heva lærekontraktar (sluttarar) med 10%.
- Vi har redusert talet på ikkje-beståtte fag-/sveine-/kompetanseprøver med 10%.

Fagopplæringskontoret vil arbeide systematisk for å nå måla i strategiplanen. I arbeidet er det behov for god planlegging før ein set i gang tiltak. Kunnskapsgrunnlaget vårt vil gje oss styringsdata som vi skal bruke for å lage gode planar i 2016. Samtidig vil vi også sette i gang tiltak og fullføre arbeid som allereie er starta. Det overordna målet er at tiltaka skal føre til at talet på ungdom som fullfører ei utdanning aukar.

Fag- og yrkesopplæringa er tufta på trepartssamarbeidet. Samarbeidet består av partane i arbeidslivet og det offentlege. Yrkesopplæringsnemnda er eitt av dei organa som ivaretek trepartssamarbeidet. Eit godt samarbeid med partane i arbeidslivet er avgjerande for å lukkast i arbeidet med å skaffe nok læreplassar og auke andelen som fullfører yrkesutdanning.

Strategiane og tiltaka er utarbeidd i samarbeid med yrkesopplæringsnemnda. For at ein plan skal vere ein god reiskap, er det viktig at han ikkje vert for omfattande. I tråd med den fylkeskommunale planstrategien er tal på mål og tal på strategiar som skal stette måla avgrensa. Planen skal innehalde tydeleg resultatmål som måler om sektoren rører seg i ønska retning. Det er viktig at det vi gjer av tiltak og aktivitetar i planperioden, er forankra i strategiane.

Trepartssamarbeidet er styrt av dialog og samarbeid med aktørane i fagopplæringa. Vi gjennomfører dialogmøte med opplæringskontor, og vi arrangerer ein konferanse kvart år for alle opplæringskontora. I

tillegg gjennomfører vi bedriftsbesøk, der rettleiing og dialog er tilnærminga.

I samband med forvaltningsrevisjon gjennomført av Deloitte i 2013 blei det mellom anna påpeikt følgjande: Undersøkinga viser at Fagopplæringskontoret i lang tid verken har hatt ressursar til eller prioritert systematisk og strukturert oppfølging av bedrifter og opplæringskontor i samsvar med «Mål strategi og handlingsplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2012-2015». Revisjonen meiner at fylkeskommunen bør etablere eit system som sikrar at alle opplæringskontor blir følgt opp jamleg.

Dette er viktig for at fylkeskommunen skal ha kjennskap til i kva grad opplæringskontora følgjer opp medlemsbedriftene, og i kva grad bedriftene etterlever dei krav som er stilt til dei i lovverket. Vi vil i denne perioden auke oppfølginga av opplæringskontor og lærebedrifter. Dette er viktig for å utvikle kvaliteten innan fag- og yrkesopplæringa.

Fråfallet blant ungdomane er ei stor utfordring ikkje berre for fag- og yrkesopplæringa, men for heile opplæringssektoren. Tala syner oss at det er om lag 32% av ungdomane som startar på Vg1 yrkesfag som har fullført med fag- eller sveinebrev etter fem år. Vi har som mål at denne delen skal aukast til 40% innan 2019. Går ein inn bak tala, ser ein at det er store variasjonar mellom utdanningsprogramma. Helse- og oppvekstfag, som er eit av utdanningsprogramma som har låg gjennomføring, vil vere eit satsingsområde i 2016.

Gjennomføringsprosenten aukar betydeleg for dei som får seg lærekontrakt. Andelen som gjennomfører er på 82,6%. I planperioden har vi som mål å auke gjennomføringa til 85% innan 2019. Også her ser vi store forskjellar mellom utdanningsområda. Det er mange ulike variablar som verkar inn på desse tala, og arbeidet med kunnskapsgrunlaget vårt vert av den grunn særskilt viktig.

Det er også viktig å sjå på organiseringa av fag- og yrkesopplæringa. Det er store forskjellar mellom skulane i høve til kor mange elevar som får seg læreplass. Det er regionale forskjellar, og det er store forskjellar på kor aktive dei ein skilde kommunar er på lærlinginntak.

Det offentlege må ta eit større ansvar i opplæringa enn ein gjer i dag. Her må fylkeskommunen også gjere ein innsats. Som skuleeigar har fylkeskommunen ansvar for vidaregåande opplæring og skal arbeide for å sikre at ungdom som startar på ei vidaregåande utdanning, får fullført denne. Det kan vi gjere med å tilby fleire læreplassar i eigen organisasjon.

Vi treng ein skulestruktur som speglar arbeidslivet sitt behov for arbeidskraft, men då er vi også avhengige av at arbeidslivet stiller opp for ungdomane som ønskjer seg ut i lære. Utan ei tydeleg forplikting frå arbeidslivet er det vanskeleg å dimensjonere opplæringstilbodet slik at ungdom som startar på ei utdanning får tilbod om å fullføre denne.

Fagopplæringa i Hordaland er fleksibel, vi har TAF-modell i ulike fag, vi har vekslingsmodell i ulike fag og vi har ein stor del som teiknar lærekontraktar med tre eller fire års opplæringsløp. 25% av læreforholda i Hordaland er med ungdomar som ikkje kjem direkte frå Vg2. Dette varierer mellom utdanningsområda, men at det påverkar den samla opplæringskapasiteten er nok ein realitet.

I Hordaland vel om lag 50% av ungdomskullet yrkesfagleg utdanning, og det er ei målsetting at dette talet held seg slik også i framtida. I framskrivingar av arbeidskraftbehov er trongen for fagarbeidar løfta fram anten vi ser på industrien eller på helse- og omsorgsfaga. Vi treng fleire meistarar, ikkje fleire med mastergradar, er hovudbodskapen til dei store partane i arbeidslivet. Fleire ungdomar skal fullføre med fag- eller sveinebrev, slik at vi kan sikre ei god utvikling for Hordalandssamfunnet.

Tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016

Hovudmål	Delmål	Tiltak	Tidsfrist
Fagopplæringskontoret skal sørge for at det blir betre balanse mellom arbeidslivet sitt behov og elevane sine ønskje om utdanning.	Regional plan for kompetanse og arbeidskraft – ferdigstille arbeidet i temagrappa	- Leia del av planarbeidet som handlar om dimensjonering av utdanning	Haust 2016
	Arbeide for å auke opplæringskapasiteten i offentlege verksemder: <ul style="list-style-type: none"> - Fylkeskommunen skal ha minst 80 løpande lærekontraktar til ei kvar tid - Alle kommunar skal ha eit mål om ein lærling pr 1000 innbyggjarar. - Statlege verksemder skal følgjast opp i forhold til sentrale føringar 	<ul style="list-style-type: none"> - Følgje opp notat levert fylkesrådmann i desember 2015 om lærlingar i fylkeskommunal verksemd - Samarbeid med partane i arbeidslivet - Auke talet lære plassar i helse- og oppvekstfag - Kartlegge tal lærlingar i statlege verksemder 	Haust 2016
Fagopplæringskontoret skal vere ein pådrivar for å utvikle ei opplæring i bedrift som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som gir arbeidslivet relevant kompetanse.	Vi skal bruke kunnskapsgrunnlaget (statistikk) som styringsdata	<ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide statistikkplan - Implementere nytt statistikkprogram - Skaffe styringsdata og ta dei i bruk 	Vår 2016
	Alle prøvenemndsmedlemmer skal gjennomføre opplæring i prøvenemndarbeid (nye nemnder i 2016)	<ul style="list-style-type: none"> - Gjennomføre nettbasert opplæring - Gjennomføre opplæring i bruk av AD-travel - Utarbeide vurderingskriterium i dei 25 største faga og gjere dei tilgjengelege for alle involverte 	Vår 2016 Haust 2016
	Vidareutvikle elektroniske kurs	<ul style="list-style-type: none"> - Nye kurs for prøvenemnder, lærebedrifter og fagleg leiar/instruktør - Gjennomføre opplæring av alle faglege leiarar som har lærling 	Haust 2016
	Gjennomføre 25 dialogmøte med utvalde opplæringskontor	<ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide agenda for møta - Gjennomføre møta - Evaluere og utarbeide ny plan for 2017 	Vår/haust 2016

	Gjennomføre 75 dialogmøte med utvalde lærebedrifter (kriteria gitt i forvaltningsrevisjon)	<ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide ei liste over bedrifter som skal prioriterast kvart halvår og lage ein plan for besøka - Gjennomføre møta - Evaluere og utarbeide ny plan for 2017 	Vår 2016
	Forenkle rutinar for oppmelding til fag-/sveineprøve for lærlingar	<ul style="list-style-type: none"> - Innhente juridisk vurdering - Utarbeide plan for at lærlingar automatisk blir melde opp til fag-/sveineprøve. 	Haust 2016
	Sikre at alle tilsette ved Fagopplæringskontoret har nødvendig kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide plan for internopplæring og gjennomføring av denne 	Vår 2016
	Digitalisere arkivet	<ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide ein plan for å digitalisere arkivet 	Vår 2016
Fagopplæringskontoret skal jobbe målretta for å auke andelen som fullfører fag- og yrkesopplæring og at dei får ein kompetanse som kvalifiserer for framtidig arbeid eller vidare utdanning.	Kartlegge utdanningsprogram med låg fullføring fram mot fag-/sveinebrev	<ul style="list-style-type: none"> - Kartlegge utdanningsprogram for helse- og oppvekstfag - Innhente statistikk - Samarbeid med involverte partar 	Haust 2016
	Kartlegge dei ulike modellane i fag- og yrkesopplæringa med tanke på gjennomføring	<ul style="list-style-type: none"> - Innhente statistikk - Samarbeide med Sør-Vest om kva vi utdannar lærekandidatar til. 	Haust 2016
	Etablere prosjekt hjå skular som har lågt tal elevar som går ut i lære etter Vg2	<ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide prosjektplan i samarbeid med fylkesdirektør opplæring - Etablere samarbeid med tre skular - Arbeide konkret med elevar som slit med å få læreplass 	Vår/haust 2016
	Prøve ut praksisbrevordninga	<ul style="list-style-type: none"> - Lage plan for gjennomføring av forsøk på to skular med start hausten 2017 	Haust 2016

PS 6/16 Ymse